



Tømrar Helge Andvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/325 - 22/6988

Sakshandsamar:

Roald Kvingedal

roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

30.08.2022

## Melding om delegert vedtak - installasjon av fyrrom - gbnr 32/54

**Administrativt vedtak. Saknr: 087/2022**

**Tiltakshavar:** Rolf Einar

Andvik

**Ansvarleg søkjar:** Helge

Andvik

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

**VEDTAK:**

**Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om bygningstekniske installasjon, fyrrom med fyrkjele og pipe for vedfyring gbnr 32/54, Bjørkeneset. Søknad med vedlegg mottatt 08.08.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

**Grunngeving:** Søknaden er i tråd med byggtknisk forskrift (TEK 17) kappitel 15 med veileder.

**Heimel:** Plan -og bygningslova

**Byggtknisk forskrift (TEK 17) med veileder.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Helge Andvik	970354824	S	1	Søkjar
PRO	Helge Andvik	970354824	S	1	Installasjon av fyrrom
PRO	Vest VVS as	822810772	S	1	Prosjektering varme – og kuldeinstallasjonar
UTF	Helge Andvik	970354824	S	1	Installasjon av fyrrom
UTF	Vest VVS as	822810772	S	1	Prosjektering varme –

					og kuldeinstallasjonar
<b>UTF</b>	Murmester Aril Andvik	984273193	S	1	Montering av ildsted og pipe.

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.6	Bygningstekniske installasjonar	1	5800
	Totalt gebyr å betala		5800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 08.08.2022 søkt om bygningstekniske installasjon, fyrrom med fyrkjele og pipe for vedfyring, gbnr 32/54, Bjørkeneset.

### 2. Fakta

Saka gjeld søknad om bygningstekniske installasjon, fyrrom med fyrkjele og pipe for vedfyring, gbnr 32/54, Bjørkeneset.

Det er søkt om fyrrom med fyrkjele og pipe for vedfyring. Tiltalet er prosjektert etter byggteknisk forskrift kappitel 15 med veileder.

Installasjonen er planlagt med vedfyring til oppvarming med vannboren varme av bustaden og forbruks vatn.

### 3. Vurdering

Tømrar Helge Andvik vert godkjent som ansvarleg søker for tiltaket, og er ansvarleg for at alle oppgåver er belagt med ansvar. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjevne eller i medhald av plan- og bygningslova. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

#### 4. Konklusjon

Søknad om om bygningstekniske installasjon, fyrrom med fyrkjele og pipe for vedfyring, gbnr 32/54 vert godkjent som omsøkt, jf.vedtak.

**Kopi til:**

Rolf Einar Andvik

Bjørkeneset 18 5981

Masfjordnes

**Mottakarar:**

Tømrar Helge Andvik

Tømrar Helge Andvik

Andvikvegen 509 5981

MASFJORDNES